



**VI I VARME & BAD BLIR  
ENDA STØRRE!**

**VI ØNSKER VÅRE  
NYE KOLLEGAER I SOKNDAL  
VELKOMMEN INN  
I VARME & BAD**

Nå som vi har blitt størst i Norge,  
skal vi sette alle kluter til for å vise deg at vi er best.  
Best på produkter. Best på installasjon.  
Best på vedlikehold. Best på service.

*Varmtett kvalitet!*



**J. Tollefsen AS**

Lindøyv. 6 • 4370 Egersund • 51 47 22 00 • vb.no

ÅPNINGSTIDER: Mandag-fredag: 09.00-16.30 • torsdag: 09.00-18.00 • lørdag: 09.00-13.00

# Frå sorgterapi

Det begynte med sorgterapi for ti år sidan og enda i platestudio for to veker sidan.

Aldri hadde Synnøve Grøtteland Helland tenkt at ho nokon gong skulle stå i eit platestudio og syngja. For to veker sidan var det likevel akkurat det ho gjorde – på Klepp, i studioet til Gunnar Tønnesen, i lag med Liv Valbjørg Bakke. Livet blir ikkje alltid slik ein tenkjer seg.

Det gjorde det heller ikkje for ti år sidan. Då tok livet den vendinga Synnøve aller minst hadde tenkt og ønskt. Historia om plata begynner hausten 1998, med ein 40-årsdag og ein altfor tidleg død.

**TALANDE DIKT:** – Til 40-årsdagen min i september det året gav Lisebeth Vassbø meg diktboka «Roser i snø» av Haldis Reigstad. Eg hadde ei dødssjuk søster på den tida; ho døydde tre månader seinare av kreft. Dikt hadde eg aldri likt, men eg tenkte at eg måtte jo i det minste kikka litt i boka. Det gjorde eg – og blei fullstendig fascinert; dikta var så flotte. Det er kristne dikt, ja, men dei er lette, friske og glade. Dei handlar om heilskapen, naturen og om det å vera medmenneske.

– Eg fekk behov for å syngja dikta. I sorga over søstera mi, som me visste skulle døy, blei det terapi for meg å ta med meg gitaren og diktboka og gå ned i kjellaren. Eg song til eg kunne melodiane, fortel Synnøve Grøtteland Helland.

**PÅ DØDSLEIET:** Ho tenkte aldri då ho laga dei, at melodiane til Reigstad-dikta skulle framførast offentleg.

– Ein av songane song eg på dødsleiet til søster mi. Den kjem eg aldri til å syngja offentleg; den er bare mellom meg og henne, seier Synnøve.

Mange andre av songane, derimot, opptreir ho stadig med i ulike samanhengar, både på bedehus og grendehus, i duett med Liv Valbjørg Bakke.

– Eg har alltid sunge. Liv Valbjørg og eg song litt i hop før òg, men dei siste ti åra har det vore på fastare basis, med nesten bare Haldis Reigstad-songar på repertoaret, seier Synnøve Grøtteland Helland.

**HELST PÅ HEIA:** Melodiane kjem oftast til henne når ho er ute på tur på heia rundt Grøtteland og Stavtjørn.



**GJEKK I STUDIO:** Synnøve Grøtteland Helland (t.v.) har tonesett dikt av Haldis Reigstad. På plata syng ho i lag med Liv Valbjørg Bakke.

## Ferdig før 50-årsdagen

Etter to kveldar i studio i sist månad har Synnøve Grøtteland Helland og Liv Valbjørg Bakke overlate til eigersundaren Gunnar Tønnesen, som driv studioet på Klepp, og medhjelparen Trond Gudmestad frå Bjerkreim å laga eit komplett lydfilete med utgangspunkt i stemmene og gitarane til dei to damene.

– Trond Gudmestad spelar bass. Sjølv vil sannsynlegvis Gunnar Tønnesen spela fløyte på nokon av songane. Kanskje legg dei også på litt orgel, og eit boliviansk strengeinstrument, som bjerkreimbuen Emilio Gonzales trakterer. Det blir sikkert bra, men for mykje bør dei ikkje pynta på songane. Det er jo eit poeng at folk som har

# til cd-plate

– Det blir ingen melodi viss eg ikkje er i ro og fred. Helst må eg vera ute. Då kan det gå fort; melodien kan sitja på ein blunk. Så gjeld det å hugsa han til eg kjem heim, ler Synnøve, som ikkje vil høyra snakk om ordet «komponist».

**KAN IKKJE NOTER:** – Eg kan nesten ikkje noter ein gong. For å bli litt større begynte eg å spela keyboard på musikkskulen då dotter mi gjekk der. Men eg innser at eg må overlata notearbeidet til andre, seier melodimakaren som ikkje er med på notene.

Ho er glad for at Liv Valbjørg Bakke forstår det musikalske språket hennar. I staden for noter

går det dels i bokstavar, dels prikkar og strekar som viser om tonane går opp eller ned.

– Det hadde heilt klart vore ein fordel med noter, både for meg når eg skal øva inn andrestemma, og med tanke på arbeidet med å arrangera songane i samband med plateinnspeling. Men det går visst bra likevel, smiler Liv Valbjørg Bakke.

**OPPBAKKING:** Kor mange av Haldis Reigstad sine dikt Synnøve Grøtteland Helland har tonesett, har ho ikkje full oversikt over.

– Det har balla på seg og blitt ganske mange, seier ho.

På plata får 15 av dei plass. Dei er henta frå åtte av Reigstad sine 15 dikt-bøker.

– Eg kjenner meg i slekt med Haldis Reigstad; ho er eit kvardagsmenneske som let seg inspirera av naturen. Då eg fekk ideen om å ta vare på melodiane ved å gi dei ut på plate, gav ho meg god oppbakking. Eitt av dikta som me hadde valt ut, var tonesett frå før, men ho syntest det var heilt greitt at me spelte songen inn med min melodi, seier Grøtteland Helland.

**UTSPEKULERT?:** At også Liv Valbjørg Bakke stilte sporty opp, skyldast kanskje at ho blei offer for litt ufine metoder, undrar venninna i etterkant.

– Eg kvidde meg litt for å spørja. Eg veit godt at Liv Valbjørg har det langt meir travelt enn meg, som bare mjølkar kyrne morgon og kveld. Kanskje var eg litt utspekulert då eg spurde om ho ville gi meg ein litt spesiell 50-årspresang, ler Synnøve Grøtteland Helland.

– Eg kunne jo ikkje seia nei, vedgår andrestemma i den snart plateaktuelle duoen.

Tekst og foto: KETH ODLAND



høyr oss opptre, skal kjenna igjen songane på plata, seier Synnøve Grøtteland Helland, som ikkje har tenkt å gjera verken karriere eller forretning på plata.

– Kanskje vil ein og annan bokhandel ta ho inn, men i hovudsak baserer me oss på direkte sal til dei som høyrer oss når me er ute og opp-

trer, seier naturmennesket og bond kona på Grøtteland.

Ho er usikker på kor tid plata vil vera klar, men ettersom fødselsdagen ikkje er før i september, reknar ho med at det skal gå greitt å kombinera 50-årsfeiringa med platesleppfest.



## VI HAR NÅ BLITT MEDLEM AV VARME OG BAD-KJEDEN OG SKAL ÅPNE I NYE LOKALER PÅ "TUENE"!

## SE VÅR ÅPNINGSANNONSE PÅ ONSDAG!

Nå som vi har blitt størst i Norge, skal vi sette alle kluter til for å vise deg at vi er best. Best på produkter. Best på installasjon. Best på vedlikehold. Best på service.

*Vannrett kvalitet!*



Volden Rør AS

Industriveien 2 • 4380 Hauge i Dalane • 51 47 61 89 • vb.no  
ÅPNINGSTIDER: Mandag-fredag: 09.00-16.00 • Lørdag: 09.00-13.00